

Brannstasjonen treng folk.

08.08.2016



Tor Øystein, Per og Runar håpar at ny kollega er på plass 1.september.

Uskedal Brannstasjon har ein svært viktig funksjon i bygda. Det er derfor viktig at den vert halden operativ. No treng dei meir folk, og frå 1.september er det ledig eit årvikariat med gode muligheter til forlenging og fast stilling. For å søkja stillingen, er det aller viktigaste at ein har interesse for brannvern, beredskap og hjelpearbeid.

Søkjarane må vera over 18 år og ha førarkort klasse B. Sjølvsgatt er det ein fordel om ein har førarkort kl C. Elles er det ikkje nokon krav til spesielle faglege kvalifikasjoner då nødvendig opplæring vil verta gjeven til den som får stillinga. Første del av opplæringa vil den tilsette få ved stasjonen medan det seinare kan verta aktuelt med deltidsutdanning for brannkonstabbel.

Av berdskapsmessige grunnar bør den tilsette bu i bygda, og det er sjølvsgatt også ein fordel om han/ho jobbar her, men det er ikkje noko krav.

Ved brannstasjonen i Uskedalen er det no 9 tilsette, av dei 1 kvinne, og dette er også ein jobb som kan høva godt for interesserte kvinner. Hovudansvarsområdet er Uskedalen/Herøysundet.

Branntroppen håpar at mange vil visa interesse for dette viktige arbeidet, og vil søkja på stillingen. Det er i alle fall ingen grunn for å la vera å søkja dersom ein syns det er interessant. Dei som er brannkonstablar gjer også ein svært viktig jobb for bygda vår.

Interesserte kan ta kontakt med Kjell Tungesvik(951 31 640), Per Fausk(926 60 794) eller ein av dei andre i branntroppen. Interesserte kan også kontakte Grete Nesheim(900 91 432). Dette må gjerast innan 25.august.

Då håpar vi at branntroppen får god respons, og at dei får ein ny kollega frå 1.september.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

